

---

**Fra:** Jan Tore Hvidsten <jthv@online.no>  
**Sendt:** lørdag 27. april 2019 09.39  
**Til:** Silje Aileen Hjortland Haukedal  
**Kopi:** firmapost@bof.no; Katrine Bjordal Midttun; Postmottak Radøy  
**Emne:** Re: sak 19/567 gbnr 43/99

Hei!

Takk for svaret. Det ser ut for at det blir noko meir i gebyr enn det so me blei fårespeglia i dialogen me hadde med kommunen før me søkte. Viser til dialog som me hadde med R.K før me sendte søknaden. Denne vert vidaresendt .

For at me kan gå vidare må me veta kva dette vert i totalt i gebyr. Dette må me leggja fram for Nordhordland seilforening  
Vert det då eit basisgebyr på kr. 6700 pluss eit dispensasjonsgebyr på kr.10300 for begge dispensasjonane ?

Søknad til Bergen og omland havnevesen blei sendt samtidig med søknad til R.K.  
Dersom me får løyve til å gå vidare med søknaden, så skal me orda opp i dei andre pungta du påpeikar

Helsing Jan Tore Hvidsten

Den 25.04.2019 15:12, skrev Silje Aileen Hjortland Haukedal:

Hei,


Synar til dykk søknad om etablering av gapahuk, flytebryggje og platting.

For at kommunen skal kunne handsame søknaden må alle tiltaka vere teikna inn på situasjonsplanen, og det må vere målsatte teikningar.

Det er ikkje tilstrekkeleg at det er sendt inn eksemplar på andre gapahukar.

Det må også kome tydelig frem kva tiltak det søker om. Det er nemnd gapahuk, flytebryggje, treplatting og sti, men i søknadsskjema kjem det berre fram gapahuk og flytebryggje.

Området som tiltaka skal plasserast i er uregulert og i kommuneplanen vist med arealformål friområde på land og naturområde i sjø.



Det kjem følgjande frem av føresegna til kommuneplanen;

### **3.3.1 Naturområde**

Føremålet gjeld område sett av til naturområde.

### **3.3.2 Turdragområde**

Føremålet gjeld område som bind fleire grøne område saman, eller som fungerar som korridorar frå byggjeområde og ut i friområde og friluftsområde.

### **3.3.3 Friområde**

Føremålet gjeld areal sett av til friområde.

Nye friområde skal takast vare på som naturområde og det er ikkje tillate med utbygging i desse områda.

Det er ikkje tillate med tiltak som kan redusera opplevingsverdiane.

Enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv og opparbeidning av universelt utforma sti kan tillates i samråd med kommunen, jfr plan- og bygningslova § 11-10 nr 2.

Kommunen vurdera at tiltaka er i tråd med arealformål friområde på land, men flytebrygge er ikkje i tråd med naturområde i sjø.

Tiltaka er vidare plassert innafor 100 meters beltet frå sjø og krev dispensasjon frå byggeforbodet i pbl § 1-8.

Det må dermed søkast om dispensasjon frå arealformål naturområde i sjø og byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8.

Det må ligg føre førehands uttale frå Bergen Hamn.

Med helsing

Silje Haukedal

Konst. Leiar teknisk forvaltning

**Radøy kommune**

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 82

E-post: [silje.haukedal@radoy.kommune.no](mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no)

